

REKORDJUBILEUM

Då 440 tok del i den tiande utgåva av Sjutoppsturen

Det vart eit eineståande arrangement nok ein gong, då Sjutoppsturen 2014 gjekk av den berømte stabelen langfredag 18. april. Fordelt på konkurranseklassene, mosjonsklassa og turmarsjen deltok rekordmange på årets jubileumsarrangement. At godt over 400 betalende tok beina fatt denne dagen, er berre overveldande.

Vi kan med god grunn slå fast at Sjutoppsturen no har vorte ei merkevare som er kjend langt forbi fjørsteinane på Sandsøya. Mange med ulik tilknytning til øya og nærområdet kom denne gongen også, men i tillegg var det fleire som hadde teke turen eine og åleine for å ta del i konkurransen. Det vitnar om eit arrangement som er i ferd med å få fotfeste over det ganske land.

Nytt av året var fleire konkurranseklasser enn før. Seks klasser for herrane og seks klasser for damene. At dette var grunnen åleine er truleg feil, men uansett var det 46 deltakarar som konkurrerte på tid. Det er 26 fleire enn i fjor.

Og det var ein av debutantane som skulle ta kommandoen frå start. Tom-Erik Lukkedal frå Ringerike Friidrettsklubb hadde leiinga både på topp 1 og 2, men i krysset nede på vegen etter Kulen (2) sprang han rett fram i retning Oshaugane Stadion i staden for å ta til høggre mot Dollstun og drikkestasjonen der.

Ikkje før 500 meter bortetter vegen vart han gjort merksam på feilen, noko som i alle fall øydela vinnarsjansane hans. Arrangøren tek sjølvkritikk på manglande – ikkje tydeleg nok – skilting i dette krysset.



Fleire timar før starten i konkurranseklassene gjekk klokka 13.00 var løypene stappfulle av glade fjellentusiastar som attpåtil fekk draumevêret på ein slik dag. Etter ein del nedbør dagane i førevegen, noko som gjorde at stiane var ganske så gjørmete, kom sola som bestilt tidleg på morgonen. Fleire gongar i løpet av føremiddagen måtte arrangøren skrive ut fleire startnummer, og deltakarrekorden frå 2013 vart smadra etter ein halvtime...

Tilbake i løypa var det Arve Rindal som tok føringa etter at Lukkedal missa med vegvalet. Opp mot den tredje og høgste toppen, Rinden, drog han ifrå Eirik Voksøy Bringsvor, men ned att forbi Dollsteinen til Hellandsvågane kom sistnemnde tilbake i leiken. Derifrå fylgde



Sandsøy Idrettslag
6089 Sandshamn
www.sandsoyil.no

duoen kvarandre over Hellandsfjellet og vidare opp veggen til Hornet og Grøntua, siste topp på turen. Ned mot mål var det Voksøy Bringsvor som best let beina trille og sprang inn til heimesiger og ny løyperekord med tida 1.35.30 – fem minutt raskare enn den gamle.



Også i dameklassa vart det ny løyperekord. Åse Iren Sætre forbetra sin gamle med om lag ti minutt ved å fullføre på 2.06.55. Bak henne kom Trine Pilskog og Dina Kristine Mølmen. Arve Haugland kneip den siste pallplassen i herreklassa.

Under premieutdelinga fekk dei som etter årets arrangement har delteke og fullført alle ti gongane merksemd, pokal og diplom. Dette var Kristoffer Vestnes, Bjørn Helland og Eirik Voksøy Bringsvor. Tre står no med ni turar.

Komplett resultatliste og deltakarlistar for mosjonsklassa og turmarsjen, samt fleire bilete frå langfredag er å finne på heimesida.

